

Til grunneigarar, naboar og offentlege og private høyringsinstansar

Dato: 19.12.24  
Vår ref.: 22236 IDL

## Varsel om utvida planområde – Detaljregulering Sentralplassen Dombås, Dovre kommune

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) §§ 12-1 og 12-8 blir det varsla ei mindre utviding av planområdet for Sentralplassen på Dombås i Dovre kommune. Planen er under arbeid som detaljreguleringsplan, jf. pbl. § 12-3. Plan-ID er 34310096.

Forslagsstillar er Dombås Eiendomsutvikling AS, og Nordplan AS er utførande konsulent. Oppstart av reguleringsarbeidet vart varsla i november 2023. Utfyllande informasjon om fyrste varslings er å finne på Dovre kommune sine heimesider. Varsling i denne omgang vert sendt til berørte grunneigarar, naboar og andre råka partar/interessentar.

Planområdet er lokalisert midt i Dombås sentrum:



Oversiktskart over Dombås der planområdet er markert med raud pin.

### Utviding av planområdet

Opphavsplanområdet inkluderer hovudsakleg detaljreguleringsplanen for Dombås senter nord og bebyggelsesplanen for Hotell Dombås senter, samt deler av reguleringsplanen for rundkøyringa E6/E136 og detaljreguleringsplanen for E6 og fv.490. Deler av forslagsstillars eigedomar gnr./bnr. 7/287, 7/107, 7/170, 7/73, 8/11, 8/76 er inkludert i opphavsplanavgrønsing.


Planavgrensninga ved varsel om oppstart av reguleringsplanarbeidet er synt med svart stipla strek i utklippet:



*Annonsert plangrense til varsel om oppstart.*

Planområdet er no utvida til å også inkludere rester av Bebyggelsesplan for sentralplassen (frå 2001), og omfattar gnr./bnr. 7/73, 88 og deler av 107. Arealet omfattar eksisterande parkeringsplassar og køyreareal tilgrensande E6 og gjeldande reguleringsplan frå 2015.

Utvida planavgrensning er markert i kartet:



*Ny plangrense. Utvida areal er markert med oransje skravor.*


Utvidinga av planområdet skjer etter dialog med Dovre kommune, der føremålet er å sikre ein heilskapleg plan for arealet knytt til Sentralplassen. Dette vil medføre at bebyggelsesplanen frå 2001 opphevast.

## Tilhøvet til vedtekne planar

Følgande arealplanar er gjeldande i planområdet:

### Overordna plan

Kommunedelplan for Dombås område (2009). PlanID: 20060001. Føremåla innanfor planavgrensinga er i hovudsak avsett til erverv (næring).



Utklipp frå gjeldande kommunedelplan for Dombås (2009).

### Gjeldande reguleringsplanar innanfor planområdet

Bebyggelsesplan for hotell og kulturhus, Dombås (2008). PlanID: 05110033.

Planområdet omfattar store delar av arealet til planen. Planen regulerer kombinert føremål forretning/kontor/hotell/garasjeanlegg/offentleg tenesteyting og kulturhus, i tillegg til parkeringshus, samferdselsareal (gang-/sykkelveg, køyreveg og parkeringsplass), friluftsområde og anna fellesareal.

E6/E136 Rundkjøring (2009). PlanID: 05110043.

Planområdet ligg innanfor delar av avgrensinga til denne planen. Føremåla som råkast av ny reguleringsplan er i hovudsak knytt til samferdselsareal og sikring av gangsamband.

Dombås sentrum – kollektivterminal, sikkerhetstiltak E6 og fv. 490 til Dombås stasjon (2015). PlanID: 05110079.

Planområdet omfattar delar av denne planen. Føremåla innanfor planområdet utgjør samferdselsareal (køyreveg, parkering, gang-/sykkelveg og annan veggrunn).

Dombås Senter nord (2011). PlanID: 343110092.

Planområdet omfattar ein liten del av arealet i planen. Gjeldande plan regulerer dette til sentrumsformål.

Bebyggelsesplan for Sentralplassen Dombås (2001). PlanID: 05110001.

Planområdet omfattar heile bebyggelsesplanen. Gjeldande plan regulerer dette til parkeringsareal.

### **Forskrift om konsekvensutgreiingar (KU-forskrifta)**

Planarbeidet vert gjennomført med konsekvensutgreiing. Den varsla endringa utløyser ikkje nye tema for vurdering.

### **Innspel til planarbeidet**

Utvidinga vert varsla i Vigga. Det er høve til å kome med innspel/merknader. Alle skriftlege innspel vil bli vurdert og kommentert i saksframstillinga. Når eit framlegg til reguleringsplan er utforma, blir dette behandla av Dovre kommune, med sikte på utlegging til offentleg ettersyn. Det blir anledning til å uttale seg til planen og ved offentleg ettersyn.

Merknader eller innspel til planarbeidet skal vere skriftlege, og sendast:

- Via byggesøknaden.no.
- E-post til: [idl@nordplan.no](mailto:idl@nordplan.no).
- Brev til: Vågåvegen 35, 2680 Vågå.

Frist for innspel er sett til **torsdag 23.01.25**

Med helsing  
for Nordplan AS



Iselin Ditlevsen Løkken

### Vedlegg

1. Utvida planavgrensing (Nordplan).
2. Avisannonse (Nordplan).

### **Offentlege høyringsinstansar/interessentar:**

<b>Namn</b>	<b>E-post</b>
Statsforvaltaren i Innlandet	sfinpost@statsforvalteren.no
Innlandet fylkeskommune	post@innlandetfylke.no
Bane NOR	postmottak@banenor.no
NVE Region øst	ro@nve.no
Statens Vegvesen Region øst	firmapost@vegvesen.no
AS Eidefoss	kundeservice@eidefoss.no
Mattilsynet	post@mattilsynet.no
Nord-Gudbrandsdal renovasjon	post@ngr.no